

---

---

# ÅRSMELDING

## EIDESJØEN GRENDALAG 2018

---

---

SAK 3.

<b>STYRET:</b>	Leiar: Andre Vorland Skoge	<b>DATO:</b> 12.03.2019
	Nestleiar: Mette Berggreen	
	Sekretær: Tommy Gjertsen	<b>MEDLEMMER i 2018:</b>
	Kasserer: Anne Lise Eidesund	69 medlemmer/ husstander
	Styremedlem: Frode Nesse	
<b>VARA:</b>	Gunnar Eide	<b>STYREMØTER i 2018:</b>
	Hallvard Vorland	
	Silje Cecillie Tengesdal Skagen	10 stk

**REVISOR:** Grethe Fredheim, Camilla Aasen

**VALNEMND:** Kristi Eide, Halvard Vorland, Marit Bø

### SAKER / VERKSEMDSPLAN FOR 2017

#### I prioritert rekkefølge:

1. Grendahuset Framheim
2. Sosiale arrangement (St. Hans-feiring, konsert v/lavvoen, nissefest)
3. Vidareutvikle området Lavvo i Eidesjøen
4. Badevika i Sjøvika
5. Utbetring av badestrand - Vorlandsvatnet
6. Arbeide for å få fleire medlemmar.

#### I uprioritert rekkefølge:

- \* Ny skule i Pollen krins
- \* Arbeid med ny vegtrase Austefjorden-Kolltveit
- \* Måleresultat av utslepp i fjorden
- \* Eventuelle andre saker som kjem opp
- \* Handtering av avløp til sjø og Kørilen

## **1. Grendahuset Framheim**

Det har i 2018 vore stor aktivitet i grendahuset med både dugnadsarbeid og arrangement. Som styreleiar vil eg rose dei som er med i husgruppa og dreg lasset for å få huset i betre stand og finne dei rette arrangementa som vekker interesse og oppslutning i krinsen.

I 2018 har huset vore utleigd 27 gongar til store og små arrangement. Dette er ein nedgong frå 42 utleiger i 2017. Leigeinntektene er viktige inntekter som hjelper oss å dekke inn delar av dei faste utgiftene på huset.

Den største jobben i 2018 var å rydde loftet over salen og etterisolere her. Inngangspartiet fekk seg også ei ansiktsløfting, med ny maling på vegg og dør, samt ny belysning. Vindauga mot parkeringsplassen er skifta ut, og nye skilt for å visa naudtgongane er montert.

I mars vart det arrangert Quis med Roger Førde og i april blei det for fyrste gong halde loppemarknad i huset. Dette må vi seie vart en suksess med godt besøk og inntekt til huset på kr. 17.200,-.

I juni var det skuleball og invitasjonen gjekk til alle 7. klassingane i kommunen.

Basaren i oktober var godt besøkt. Pengane som kom inn her vil komme godt med til vedlikehald og drift av huset i året som kjem. Vi fekk inn mange flotte handarbeidsgevinstar i frå private i krinsen.

Juleverkstad vart arrangert i november / desember og oppslutninga var stor i år som i fjor.

Året var avslutta med juledisko for 4. – 7. klassane ved Skogsvåg skule. Heile 70 born tok turen denne kvelden.

Juleverkstaden fekk kr. 6.000,- i kulturmidlar fra Sund kommune

Støttemedlemskap gav kr. 14.200,-.

## **2. Sosiale arrangement**

Det har vore arrangert ein del arrangementer i 2018 der hovudtyngda av dei har vore i grendahuset. Både Quizkveldar, basar, loppemarked og juleverkstad var svært populært.

St.Hans feiring vart i 2018 arrangert ved Lavvoen. Veret var dårleg og oppmøtet bar preg av det. Men dei som møtte fram kosa seg, både store og små..

## **3. Vidareutvikle området Lavvo ved Pollen skule**

Lavvoen har også i 2018 vore svært mykje brukt. Vi vil vidareutvikle området med fleire aktivitetar og ferdigstille reidskapsboda som er påbegynt.

#### **4. Badevika i Sjøvika**

Her har vi framleis et mål om å få utbedra stien ned til badevika. Men dette har stått litt på hold delvis pga utbygginga i området som vil endre litt på tilkomsten.

#### **5. Utbetring av badestrand - Vorlandsvatnet**

Her har det ikkje vore gjort noko i 2018. Vi har framleis midlar tilgjengelege som vi ønskjer å få brukt til gode formål i 2019

#### **6. Arbeide for å få fleire medlemmar**

Medlemstalet har halde seg stabilt, med 69 medlemmar / husstandar i 2018. Vi kjem til å halde fram med arrangement som appellerer breitt.

#### **STYRET SITT ARBEID**

I heile perioden har styret arbeida godt og alle styremedlemmane har på kvar sitt område bidratt til at grendalaget har hatt eit godt arbeidsår med ein god innsats. Ei ekstra takk for dei som har bidratt til arbeidet i Grendahuset og arrangementa der som krev mykje tid og arbeid.